

I Aftenposten 27. desember slo Knut Olav Åmås fast at humanistiske fag framleis er viktige, fordi dei kan "være med og forme mennesker som er i stand til å gjøre *motstand* i et samfunn preget av systemer som bygger ned motstand – et samfunn som fjerner sand i maskineriet og innfører lønnsomhetstenkning på områder som ikke kan eller skal være lønnsomme". Dette er eg samd i, og det er eit viktig poeng, men det gjev ikkje svar på dei umiddelbare problema, som er:

1. Korleis skal universiteta kunne halde oppe små humanistiske fag når finansieringa frå departementet er knytt til talet på studentar?
2. Korleis kan slike fag, og humanistiske fag generelt, få fleire studentar?
3. Korleis kan kandidatar frå slike fag bli meir etterspurde på arbeidsmarknaden?

Desse problema heng i hop. Innanfor dagens system er det siste avgjerande: Blir kandidatane meir etterspurde, så vil fleire velja den typen utdanning, og problemet er løyst. Men slik arbeidsgjevarane tenkjer i dag, skjer ikkje det.

Ei løysing kunne derfor vera å endre premissane for problem 1. Regjeringa eller Stortinget kan vedta at visse fag skal vi ha stillingar til på universiteta, anten det er få eller mange studentar. Det kan vera fag som er avgjerande for forståinga vår av kven vi er og kor vi kjem frå og som er vårt særskilde ansvar – som mitt fag, norrøn filologi. Eller det kan vera fag vi treng fordi vi må ha spesialistar på alle slag språk og kulturar, slik at vi som nasjon kan orientere oss i verda, jamvel om vi er få. Som døme på eit slikt fag kan vi ta serbisk / kroatisk / bosnisk. Ut frå dagens regime burde det nok vori nedlagt pga. få studentar lenge før Jugoslavia-krigen kom og gjorde kunnskapen til Svein Mønnesland uvurderleg for media og oss andre. Slik kompetanse kan ikkje knipsast fram når noko skjer ute i verda. Men ei ulempe med "freding" av visse fag ville sjølvsagt vera at universitetslærarane ikkje fekk press på seg til å skapa lokkande kurs og skapa blest om dei, og skaffe så mange studentar som mogeleg. Men det går det an å få til på andre måtar, m.a. ved tøffare evaluering av kurstilboda.

Problem 2 kan truleg minskast utan at vi fyrst løyser 1 og 3. Dersom forskarane tenkjer meir på korleis dei kan nå ut i samfunnet og satsar meir på formidling, helst i kreative former, trur eg mange fag – inkludert mitt eige – kunne trekt vesentleg fleire studentar enn i dag. Det er jo ikkje slik at studentane berre går etter kva som gjev arbeid; dei går vel så mykje etter interesse, i heile eller delar av studiet. Den store søkinga til spansk som vi ser no er eit døme på det; den kjem ikkje av at norsk arbeidsliv har fått så stor bruk for spansk kunnskap. Det folk har interesse for kjem det alltid til å vera bruk for i ei viktig meining av "bruk for". Men vi får neppe forskarane til å popularisere mykje meir enn før utan at systemet fyrst blir endra, for i dag er det så godt som berre vitskapleg publisering som blir premiert ved tilsetjing og tildeling av forskingsmidlar. Det inneber eit press om å ikkje popularisere meir enn det "alibiet" komiteane krev at ein har. Denne mekanismen slår ekstra hardt ut i små fag, fordi sjansane til å få fast stilling er så få. I mitt fag, t.d., er det kanskje ti år mellom kvar utlysing av fast stilling. Då tenkjer kvar på seg, og ikkje på at vi truleg kunne hatt større kake å dele (fleire stillingar) dersom alle populariserte meir.

Så er det problem 3. Etter mi vurdering ville arbeidsgjevarane tent på å tenkje annleis om kompetanse, slik dei faktisk gjer i Stor-Britannia. På same måten som ein barnehage blir betre av å ha ein del menn blant kvinnene, og ei ingeniørbedrift blir betre av å ha ein del kvinner blant mennene, så ville mange bedrifter og etatar vorti betre av å ha ein del humanistar blant

ingeniørane, økonomane, juristane, statsvitarane, mekanikarane, osv. Arbeidsgrupper blir i regelen betre når dei er samansette av folk med ulike røynsle, ulike kompetanse, ulike kulturbakgrunn, ulike tilnæringsmåte, osv. Det er ekstra viktig i dagens arbeidsliv, som krev stadig nytenking. At somme i arbeidsgruppa er "på bortebane" i sjølve saksfeltet, kan då vera ein fordel heller enn ei ulempe. Det vi treng er meir tenking utanfor ramma, ikkje meir trasking i oppgatte spor.

Eldar Heide
Universitetet i Bergen

DEBATT

Tre vegar fram for humaniora

HUMANISTISKE FAG: I Aftenposten 27. desember slo Knut Olav Åmås fast at humanistiske fag framleis er viktige, fordi dei kan «være med og forme mennesker som er i stand til å gjøre motstand i et samfunn preget av systemer som bygger med motstand – et samfunn som fjerner sand i maskineriet og innfører lønnsomhetstankning på områder som ikke kan eller skal være lønnsomme». Dette er eg samd i, og det er eit viktig poeng, men det gjev ikkje svar på dei umiddelbare problema, som er:

Korleis skal universiteta kunne halde oppe små humanistiske fag når finansiering frå departementet er knytt til talet på studentar?

Korleis kan slike fag, og humanistiske fag generelt, få fleire studentar?

Korleis kan kandidatar frå slike fag bli meir etterspurde på arbeidsmarknaden?

Desse problema heng i hop. Innanfor dagens system er det siste avgjerande: Blir kandidatane meir etterspurde, så vil fleire velja den typen utdanning, og problemet er løyst. Men slik arbeidsgjevarane tenker i dag, skjer ikkje det.

Ei løysing kunne derfor vera å endre premisane for problem 1. Regjeringa eller Stortinget kan vedta at visse fag skal vi ha stillingar til på universiteta, anten det er få eller mange studentar. Det kan vera fag som er avgjerande for forståinga vår av kven vi er, og kor vi kjem frå, og som er vårt særskilde ansvar – som mitt fag, norrøn filologi. Eller det kan vera fag vi treng fordi vi må ha spesialistar på alle slag språk og kulturar, slik at vi som nasjon kan orientere oss i verda, jamvel om vi er få. Som døme på eit slikt fag kan vi

ta bosnisk/kroatisk/serbisk. Ut frå dagens regimje burde det nok vori nedlagt på grunn av få studentar lenge før Jugoslavia-krigen kom og gjorde kunnskapen til Svein Mønnesland uvurderleg for media og oss andre. Slik kompetanse kan ikkje knipsast fram når noko skjer ute i verda. Men ei ulempe med «freding» av visse fag ville sjølvsaugt vera at universitetslærarane ikkje fekk press på seg til å skapa lokkande kurs og skapa blest om dei og skaffe så mange studentar som mogeleg. Men det går det an å få til på andre måtar, mellom anna ved tøffare evaluering av kurstilboda.

Problem 2 kan truleg minskast utan at vi fyrst løysar 1 og 3. Der som forskarane tenker meir på korleis dei kan nå ut i samfunnet, og satsar meir på formidling, helst i kreative former, trur eg mange fag – inkludert mitt eige – kunne trekt vesentleg fleire studentar enn i dag. Det er jo ikkje slik at studentane berre går etter kva som gjev arbeid; dei går vel så mykje etter interesse, i heile eller delar av studiet. Den store søkinga til spansk som vi ser no, er eit døme på det; den kjem ikkje av at norsk arbeidsliv har fått så stor bruk for spansk kunnskap. Det folk har interesse for, kjem det alltid til å vera bruk for i ei viktig mening av «bruk for». Men vi får neppe forskarane til å popularisere mykje meir enn før utan at systemet fyrst blir endra, for i dag er det så godt som berre vitskapleg publisering som blir premierte ved tilsetjing og tildeling av forskingsmidlar. Det inneber eit press om å ikkje popularisere meir enn det «alibi»-komiteane krev at ein har. Denne mekanismen slår ekstra hardt ut

i små fag, fordi sjansane til å få fast stilling er så få. I mitt fag, til dømes, er det kanskje ti år mellom kvar utlysing av fast stilling. Då tenker kvar på seg og ikkje på at vi truleg kunne hatt større kake å dele (fleire stillingar) dersom alle populariserte meir.

Så er det problem 3. Etter mi vurdering ville arbeidsgjevarane tent på å tenkje annleis om kompetanse, slik dei faktisk gjør i Storbritannia. På same måten som ein barnehage blir betre av å ha ein del menn blant kvinnene og ei ingeniørbedrift blir betre av å ha ein del kvinner blant mennene, så ville mange bedrifter og etatar vorti betre av å ha ein del humanistar blant ingeniørane, økonomane, juristane, statsvitarane, mekanikarane og så bortetter. Arbeidsgrupper blir i regelen betre når dei er samansette av folk med ulike røynsle, ulike kompetanse, ulike kulturbakgrunn og ulike tilnæringsmåte. Det er ekstra viktig i dagens arbeidsliv, som krev stadig nytenking. At somme i arbeidsgruppa er «på bortebane» i sjølve saksfeltet, kan då vera ein fordel heller enn ei ulempe. Det vi treng, er meir tenking utanfor ramma, ikkje meir trasking i oppgatte spor.

ELDAR HEIDE,
Universitetet i Bergen

Sannhetssøking

FORSKERFORUM: I Forskerforum 1/2011 blir Gert Nygårdshaug intervjuet av Per Anders Todal. Nygårdshaug uttrykker mellom anna: «– Gamle ml-ere som Tor Obrestad, Edvard Hoem og Espen Haavardsholm har henfalt til å skrive bøker om sin egen barndom, om mor og far og jeg vet ikke hva.

– Eg blir sint, for dei er så jævla dyktige skribentar. Når verda verkeleg treng dei, melder dei seg ut og sluttar å skrive politisk og samfunnsengasjert.»

Dette er tøv. Nygårdshaug uttrykte det same i eit intervju i Klassekampen for vel eit år sidan. I eit innlegg 18.11.2009 i KK påviste eg konkret kvifor ei slik utsegn er tøv. Nygårdshaug svara aldri på det innlegget. Likevel stemmar han fram, og demonstrerer at Nygårdshaug både som forskar og skribent er ein flopp.

Det uroande er at Per Anders Todal korrigerer han kunnskap nok eller autoritet nok til å stoppa slikt

vrøvl. Skriv han ikkje i eit blad som etter namnet å døma har det pretenziøse målet å stå for sannings-søking og eit skikkeleg ordskifte?

TOR OBRESTAD

I intervjuet med Gert Nygårdshaug viste eg til eit tidlegare intervju med han i Klassekampen 17.11.2009. Utsegna om mellom andre Obrestad var henta derifrå. Slik brukte eg sitatet i Forskerforum:

«Nygårdshaug sa til Klassekampen at han var skuffa over sin eigen generasjon forfattarar: – Gamle ml-ere som Tor Obrestad, Edvard Hoem og Espen Haavardsholm har henfalt til å skrive bøker om sin egen barndom, om mor og far og jeg vet ikke hva.»

Det ser ut til at Obrestad trur Nygårdshaug har sagt det same på nytt, men dette er altså eit sitat frå Klassekampen.

Ein diskusjon av karakteren til dei tre forfatterskapane ville blitt eit for langt sidespor i intervjuet mitt, men truleg burde eg ikkje teke med sitatet i det heile når det ikkje var plass til å problematisere det. Eg skjønner godt irritasjonen til Obrestad over å sjå denne utsegna på trykk att. Derimot kjenner eg ikkje at kunnskapen og autoriteten min står og fell med bruken av dette sitatet.

PER ANDERS TODAL

Ordet er fremdeles fritt!

NAVNESTRID VED UMB: At det blir strid om navneforslag, kom selvsagt ikkje overraskende. Det vil ikkje vere mulig å finne et navn som alle kan slutte seg til. Fellesstyret har ikkje kommet noe nærmere et navneforslag som styret vil fremme overfor Kunnskapsdepartementet, som er det organ som skal beslutte hvilket navn det nye universitetet skal få. Det har vært en bred prosess for å få inn forslag til navn. Blant annet ble det gjennomført en konkurranse der alle, ansatte og studenter, ved NVH (Norges veterinærhøgskole) og Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) ble invitert til å komme med forslag. Det har vist seg at prosessen ble akkurat så lite konkluderende som antatt på forhånd.

Det er vanlig i Norge, og vel

«Vi får neppe forskarane til å popularisere mykje meir enn før utan at systemet fyrst blir endra»